



Valle Idrettslag
www.valle-il.no | post@valle-il.no
Postboks 7, 4747 Valle
Bankkonto: 2890.20.60075
Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

Årsmøte 2017

Sølvgarden hotell, torsdag 23. mars 2017 klokka 18:00

Sakliste

1. Godkjenne møtelyden med stemmerett
2. Godkjenne innkalling og sakliste
3. Val av møteleiar, referent, og 2 medlemmer til å underskrive protokollen
4. Årsmelding og årsrekneskap
5. Fastsette medlemskontingent
6. Budsjett 2017
7. Val

Styret



Valle Idrettslag
www.valle-il.no | post@valle-il.no

Postboks 7, 4747 Valle
Bankkonto: 2890.20.60075
Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

Årsmøte Valle IL

Sak 4 – årsmelding og årsrekneskap 2016

Styret i Valle IL fremjar framlegg om at årsmøtet godkjenner årsmelding og årsrekneskap 2016, jf. vedlegg.

Rysstad 15.3.2017

Anne Liv Lidtveit
Styreleiar

Styret



Valle Idrettslag

www.valle-il.no | post@valle-il.no

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

ÅRSMELDING FRÅ STYRET 2016

Styret

Styret har i 2016 hatt følgjande samansetning:

Anne Liv Lidtveit	leiar
Cecilie Breive Haugen	nestleiar
Gunnar Brottveit	kasserar
Lise Fosså	skrivar
Bjørgulv Sverdrup Lund	
Torleif B. Harstad	
Elisabeth Spockeli	
Karianne Åkre	ungdomsrepresentant

I løpet av 2016 har styret hatt 8 møter.

Valle idrettslag har ca 450 medlemmar registrerte. Laget har følgjande grupper: Ski, friidrett, sykling, barneidrett og fotball. Laget er vidare registrert med klatreguppe, handball og gang- og turmarsjgruppe. Ein har også starta opp med andre aktivitetstilbod, mellom anna kampsport og turn.

Styret har i år hatt fokus på styringsdokument og systematikk i drifta av idrettslaget. Ein har mellom anna endra utbetalingstidspunkt for stønad til idrettssatsing for utøvarane våre frå januar til desember, og endra tidspunktet for godtgjering for leiar, nestleiar og kasserar frå mars til desember. På denne måten får ein utbetaling inn på budsjettåret, og det gir meir oversikt. For å kunne gjere denne endringa, har ein vore nøydd til å betale ut dobbelt i 2016, noko ein ser igjen i rekneskapet.

Ein hadde også styrekurs i mai 2016. Her fekk styret ein del nyttige tips til vidare arbeid, men ein ser at det er utfordrande å halde fokus og trykk på utvikling og drift, særleg fordi dette tek mykje tid. Det er derimot noko ein ønskjer å sette meir fokus på i 2017. Dette inkluderer også kursing av trenrarar og foreldre.

I 2016 har ein opplevt at det av og til var vanskeleg å få folk til å stille på dugnad. Dette gjeld særleg dei som er aktive i Møykjeromet, og som ikkje nødvendigvis har barn i idrettslaget. Ein ser at ein må informere om at dei som medlemmar i Valle IL også må bidra, og motivere dei for å delta meir aktivt. Dette blir viktig i året som kjem, ikkje minst med tanke på Sprekleiken, som er eit stort arrangement for idrettslaget som samlar mykje folk i alle aldrar.

Vi har i løpet av året kjøpt nye klubbklede, frå Trimtex og Scantrade. Kvar og ein bestiller gjennom leverandøren si nettside og får varene direkte heim til seg sjølv. Dette har fungert bra, og medfører svært liten administrasjon for idrettslaget.

Klubbhus

Årsmøtet 2016 vedtok at Valle IL skal bygge klubhus på Valle stadion for eiga rekning. I løpet av sommaren og hausten blei det teikna teikningar, innhenta pristilbod frå lokale leverandørar og laga spelemiddelsøknad. Ein brukte Helge Eriksen i Idrettsfinans som konsulent. Søknaden på spelemidlar inneheld ein stor del dugnadsarbeid frå idrettslaget. Klubbhuset har ei total kostnadsramme på ca 2,5 mill.

Byggesøknad blei sendt kommunen før jol, og ein har fått rammeløyve på nyåret 2017. Året 2017 kjem i stor grad til å dreie seg om bygginga, noko som vil involvere alle medlemer – også dei som ikkje sjølv er aktive i fotballgruppa ein eller annan måte. Ein må forsøke å gjere byggeprosessen så effektiv som muleg – og så sosial som muleg!

Aktivitet gjennom året

For styret er aktivitet det aller viktigaste. Vi har ei utfordring med at mange av ungdommane våre forsvinn frå idrettslaget i løpet av ungdomsskulen. Det er ei utfordring å gi dei som er igjen eit godt og tilstrekkeleg tilbod. Dette er eit framhaldande arbeid også i 2017.

I januar hadde vi open hall og basseng, eit positivt innslag. Same dag hadde vi også eit opplegg i hallen for ungdomsskuleelevar. På hausten har ein hatt trening i Møykjeromet for ungdomsskulen. Erica Melchior frå folkehøgskulen har vore ansvarleg i Møykjeromet, slik at ungdommane kunne møte til ei fast tid og få instruksjon og rettleiing. Det var ein del som nytta tilbodet, men potensialet er truleg høgare. Ein prøvar å halde fram med dette også i 2017.

Det er starta opp nye idrettar i løpet av hausten; stisykling, turn og kampsport for ungane og innebandy for dei vaksne. Det har vore godt oppmøte på alle aktivitetane, men idrettslaget etterlyser fleire foreldre til å kunne vere med å ta ein liten del av trenarjobben også her. Vi blir veldig sårbare for sjukdom og anna fråvære utan fleire å spele på.

Bispevegmarsjen blei gått av nærmere 90 personar, noko som var oppgang frå 2015. Samarbeidet med Fyresdal IL fungerte därlegare enn året før, og det blei i etterkant stilt spørsmål om det var verdt å samarbeide om arrangementet eller om ein skulle arrangere det sjølv. Vi forsøker også i 2017, og Fyresdal er interessert i å bidra meir enn tidlegar. Også i 2016 samkjørte ein påmeldingane og bussbestillingane, og fekk ein endå betre økonomi ut av arrangementet

Sprekleiken i 2016 blei ein stor suksess, med Dag Otto Lauritzen som trekplaster. Han var først med på sjølve Sprekleiken før han deretter heldt eit godt føredrag for ei fullsett Storstoga. Vi hadde matsalet i foajeen, eit lurt grep. Det var positivt og viktig å bruke ein del pengar på å få tak i eit stort namn, noko ein også må vurdere i framtida.

Sesilämi 2016 blei arrangert i midten av mars i noko skiftande ver. Ein ser at folk ventar lenge før dei melder seg på, men alt i alt var det rundt 800 på start. Den store økonomiske gevinsten for idrettslaget uteblei, men laget fekk utbetalt kr 25.000,-. Ein ser at drifta er sunnare, sjølv om påmeldingstala er lågare enn for ein del år sidan.

Friidrett

Postkassetrimmen starta i juni, og haldt fram til september. Ein la til rette for 10 varierte turar. Det var god deltaking på postkassetrimmen.

Friidrottsgruppa arrangerte Tveitebø rundt. Familieløp/tur litt mindre deltaking enn sist. Dette er løp/turar som speglar idrettslysten og gleda, meir enn dei store resultat.

Me hadde to fine familiekveldar.

Ein i akebakken på Harstad i februar. Dette er eit samarbeid med bygdekvinnelaget. Mange møtte.

Lykttur til trollskogen i haust. Mange møtte.

Desse kveldane er populære. Neste år vil me ha fleire slike familiekveldar.

Våren 2016 starta friidrottsgruppa med trening i grupper ute på Valle stadion. Sigbjørg Næss var trenar. Det var ei fin gruppe på 8-10 stk. som møtte på treningane. I haust blei det derimot avgjort at ein slutta med friidretten fordi det kom eit nytt turn tilbod. I haust har der vore barneidrett for dei minste ein dag i veka rundt 10 born deltek.

Eg meinat det viktig at VIL bestemmer seg for nokre tilbod. Om det blir for mange «et» det eine tilbodet opp det andre, og me får mange tilbod med få deltarar. Det er ikkje lønnsamt i lenga for då vil gruppene vere veldig sårbare om nokre sluttar. Har vi for mange tilbod? Skal vi satse på nokre færre, og heller styrke dei? Nokre innspel for vidare positivt arbeid i VIL.

Friidrottsgruppa består av 5 medlem, der Sigbjørg Næss er leiar.

Sigbjørg Næss
Friidrottsgruppa

Fotball

Ein har aktive fotballgrupper frå 1. – 10. klasse, og er såleis den største undergruppa i Valle IL. Fotballgruppa har i 2016 arrangert Tine fotballskule i juni og Valle Sparebankcup i september, i tillegg til og ha ei avslutning når sesongen var over.

Alle gruppene har hatt 1-2 treningar i veka gjennom heile året. Vi har dessverre ikkje fått til å få nokre av laga våre ut i seriespel dette året. Det har ikkje vore fordi ein ikkje har hatt villige trenare og spelare, men det blir for lang avstand når ein ikkje får til i berre Vest-Tekmark.

Av viktige cupar som Valle IL har vore på, kan nemnast Sør Cup i juni. Denne er viktig for fotballgruppa, og har fungert som ei vårvslutning før sommarferien for gruppene på barneskulen. Vidare har ein vore på fleire lokale og regionale cupar. Dette er viktig for å motivere spelarane gjennom året.

Fleire av spelarane på laga har utanlandsk opphav, og er med det ein viktig arena for integrering. I tillegg har ein også spelarar frå Bygland og Bykle på nokre av laga.

Etter sesongsutt hadde ein avslutning med pizzabollar, brus og kake i Vallehalli. Her fekk også dei nye i 1. klasse ta del for fyrste gong saman med dei andre gruppene. Dette var eit svært positivt tiltak, som barna sette stor pris på.

Fotballgruppa

Møykjeromet

Me har aktivitetar som spinning, styrketrening og step.

Det er jamt over stor aktivitet i møykjeromet. I tillegg til dei timane med spinning, styrketrening og step er styrkedelen av romet i bruk kvar dag. Det er også ikkje sjeldan det er mykje folk på trening. Det er bra.

Det er etter opprustinga dei siste åra blitt eit velfungerande styrketreningsrom, med mesteparten av utstyret ein treng. Det er ein noko utstyr som jamnleg må byttast ut pga slitasje med dette synet igjen god bruk, så det er vi glade for. Det er kjøpt inn medisinballar, bosuball og anna småutstyr i 2016.

Det er jobba ein del med at ein skal rydde etter seg og bruke innesko for at trivslen og hygienen skal vere god i møykjeromet. Dette er noko vi tek opp innimellom og vil alltid jobbe med.

Det er gledeleg at bruken er så stor.

Caroline Rysstad
Møykjeromsgruppa

Skigruppa

Skigruppa har arrangert skitreninger for alle aldrar gjennom heile vintersesongen. Det har også vore noko barmarkstreningar i forkant av vintersesongen.

Det er arrangert to renn i Øvre Setesdal Cup, med ganske dårlig deltaking.

Brokke Mini Tour gjekk av stabelen i februar. Det var god deltagning trass i at vergudane ikkje heilt var på vår side, og arrangementet var godt gjennomført. Det er eit populært renn for klubbane, men ein ser at det har potensiale.

Vi er heldige og har to aktive løparar på høgt nivå, Elin Uppstad og Aron Åkre Rysstad. Begge to har hatt god framgang etter at dei starta på Hovden skigymnas. Aron imponerte med seier i eit Norges Cup-løp, men vi i klubben er likevel vel så stolte over at dei presterer jamt høgt på resultatlistene begge to – og stadig klatrar og tek nye steg. Vi gledar oss til å fylgje utviklinga vidare!

Solveig Kyrvestad
Skigruppa

Spinning og utesykling

Det har vært godt oppmøte til spinningtimene i løpet av året 2016. Vi var heldige å få tak i 2 nye spinning instruktører som overtok etter 2 trofaste forgjengere.

En god del av spinning gjengen hadde også som mål å sykle Color Line Setesdal Tour (CLST) i slutten av mai. I begynnelsen av april startet vi derfor opp med fellestrenings ute på landeveien 2 ganger i uka + langturer i helg. Man bør som kjent ha min. 100 mil på landevegen før rittet. De fra Bykle/Hovden kom ned og var med oss.

I år hadde vi 2 grupper «Sykkel Sete Støl» fra øvre Setesdal påmeldt til CLST; 8 t og 9 t gruppe, som kom i mål på henholdsvis 7t 39 min. og 9t 43 min. Det er mye sosialt og moro, men litt gøy å nå målene – da smaker champagnen på Hovden kanskje enda bedre.

Vi hadde også egen følgebil, med «Sykkel Sete Støl» skilt på taket som var nytt av året – sponset av Valle IL - takk

Elin Viki
Sykkelgruppa

Styret i Valle IL vil takke medlemmane i dei ulike gruppene, trenarane og tillitsmenn elles for framifrå arbeid i året som har gått. Me vil også takke alle sponsorane, og særleg hovedsponsor Valle Sparebank for god stønad og godt samarbeid.

Me vil takke anna næringsliv som syner stor velvilje med stønad og sponsoravtalar.

Rysstad 26.2.2016

Anne Liv Lidtveit
Anne Liv Lidtveit
styreleiar

Lise Fosså
Lise Fosså
Skrivar

Toreif B. Harstad
Torleif B. Harstad
Styremedlem

Cecilie Breive Haugen
Cecilie Breive Haugen
nestleiar

Bjørgulv Sverdrup Lund
Bjørgulv Sverdrup Lund
Styremedlem

Karianne Åkre
Karianne Åkre
ungdomsrepresentant

Gunnar Brottveit
Gunnar Brottveit
kasserar

Elisabeth Spockeli
Elisabeth Spockeli
Styremedlem

ÅRSRESULTAT FOR VALLE IDROTSLAG 2016

INNTEKTER

Sponsorinntekter	kr	192 100
Fotball	kr	12 936
Grasrotandel	kr	64 475
Kulturmidlar	kr	28 000
Sal av klede	kr	43 849
Sesilåmi	kr	25 000
Tine fotballskule	kr	43 117
Bispevegmarsjen	kr	36 360
Lam midlar	kr	59 472
Offentlege tilskot	kr	21 791
Sprekleiken	kr	19 635
Color Line Setesdal	kr	31 735
Medlemskap VIL	kr	42 500
Treningsavgift, Møykjerom	kr	146 683
Renteinntekt	kr	2 930
Sum inntekter	kr	770 583

KOSTNADER

Diverse driftsutgifter	kr	141 636
VIL-dressar	kr	146 489
Honorar/kurs/køyregodtgj./møte	kr	52 010
Kontor-og datakostnader	kr	23 158
Annonsekostnad	kr	10 488
Prosjektering	kr	34 375
Gåver	kr	13 300
Stønad	kr	45 000
Forsikringspremie	kr	5 512
Tine fotballskule	kr	30 789
Fotball, utgifter	kr	59 939
Sprekleiken, utgifter	kr	57 314
Sum kostnader	kr	620 010

Årsresultat kr 150 573

Valle, den 23.03.2017

Gunnar Brottveit
kasserar

Toril Dale
revisor

Hallvard Holum
revisor

Balanse pr 31.12.2016

Eigendelar

Kundefordringar	kr	28 121
Bankinnskot	kr	1 177 537
Sum Eigendelar	kr	1 205 658

Eigenkapital og gjeld

Annan eigenkapital	kr	-994 406
Sum eigenkapital	kr	-994 406

Gjeld

Klubbhus	kr	-200 000
Leverandørgjeld	kr	-11 252
Sum gjeld	kr	-211 252

Sum eigenkapital og gjeld	kr	-1 205 658
----------------------------------	-----------	-------------------

Årsresultatet er fordela slik:

Overført til Klubbhus	kr	100 000
Overført til Annan eigenkapital	kr	50 573


REVISORMELDING FOR VALLE IDROTTSLAG

Vi har revidert rekneskapen for året 2016.


Dette er kontrollert:

- Kontrollert automatisk overføring av medlemsmassen fra Min Idrett til rekneskapen. Medlemslister og automatisk overført til bankkonto.
- Kontrollert kundefordringer og saldo i rekneskapen pr. 31.12.16
- Kontrollert leverandørgjeld og saldo pr. 31.12.16
- Kontrollert og avstemt kontoane i Valle Sparebank.

Vi har kontrollert og funne rekneskapen i orden – og kan tilrå at rekneskapen vert godkjent.



Toril Dale
revisor



Hallvar Holum
revisor



Valle Idrettslag
www.valle-il.no | post@valle-il.no
Postboks 7, 4747 Valle
Bankkonto: 2890.20.60075
Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

Årsmøte Valle IL

Sak 5 – medlemskontingent 2018

Styret i Valle IL fremjar med dette framlegg om fylgjande satsar for medlemskontingenoten for 2018.

Satsane er basert på at ein ser det er mykje administrasjon knytt til differensiering mellom idrettsgreinene. Styret ønskjer å gi eit godt tilbod for medlemene sine, men treng ei grunnfinansiering med enkel administrasjon.

Styret i fremjar derfor framlegg om fylgjande satsar for 2018:

Medlemskontingent 200,-

Møykjerom 1000,-

Møykjerom student 500,-

Krav om medlemsskap og betalt medlemskontingent (kr 200,-) for bruk av Møykjeromet

Rysstad 15.3.2017

Anne Liv Lidtveit
Styreleiar

Styret



Valle Idrettslag

www.valle-il.no | post@valle-il.no

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

Årsmøte Valle IL

Sak 8 – budsjett 2017

Styret i Valle IL fremjar med dette framlegg om budsjett 2017 som det kjem fram av vedlegget til saka.

Rysstad 15.3.2017

Anne Liv Lidtveit
Styreleiar

Styret



BUDSJETT 2017

Inntekter		
Sponsoravtalar	155 000	
Grasrotandel	65 000	
Kulturmidlar	-	
Fotballgruppa	50 000	
Sesilåmi	-	
Bispevegmarsjen	30 000	
LAM	50 000	
Spesielle offentlege tilskot (mva-kompensasjon)	20 000	
Sprekleiken	20 000	
Color Line Setesdal Tour	30 000	
Medlem VIL	40 000	
Møykjeromet	150 000	
Brokke Mini Tour	15 000	
Basar	-	
Sum inntekter	625 000	
Kostnadar		
Friidrett	10 000	
Idrettshall	20 000	
Fotballguppa	130 000	
Skigruppa	20 000	
Color Line Setesdal Tour	1 000	
Bispevegmarsjen	20 000	
Møykjerommet	50 000	
Sesilåmi	5 000	
Brokke Mini Tour	25 000	
Køyregodtgjering	5 000	
Reiseutgifter	10 000	
Sprekleiken	50 000	
Leiarhonorar	6 000	
Kasserarhonorar	6 000	
Nestleiarhonorar	6 000	
Kontorrekvisita	5 000	
Data, rekneskapsprogram og liknande	10 000	
Reklame og annonser	10 000	
Møter, kurs og oppdatering	15 000	
Annan kontorkostnad	1 000	
Porto	7 000	
Gåver frådragsberettiga	-	
Forsikring	6 000	
Gåver som takk for innsatsen	30 000	
Idrettsstønad for unge utøvarar	25 000	
Annan kostnad (utgiftsdekning leiar)	8 000	
Renteinntekter	2 000	
Diverse utgifter	50 000	
Sum kostnadar	533 000	
Resultat	92 000	